



Kjersti Flatraker

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2992 - 15/1131

Saksbehandlar:
Anja Broch
anja.broch@radoy.kommune.no

Dato:
03.02.2015

Gjerdehald og sauebeite på Krossøy - svar på klage på vedtak

Saksutgreiing:

Viser til dykkar klage på vedtak ang tilbakebetaling av SMIL-midlar løyvd til gjerde på Krossøy i 2008.

Krossøy Beitelag fekk i 2008 kr 50.000,- i SMIL-midlar til gjerde på Krossøy. Løyvinga tilsvarte 50% av et kostnadsoverslag på kr 100.000,- der halvparten var gjerdemateriell og resten arbeidsinnsats. Beitelaget sette opp gjerdet og fekk sluttutbetaling i 2009.

Frå 2008 til 2014 har det vore sau på beite på Krossøy i regi av beitelaget. Dyra vart tatt bort hausten 2014 etter usemje med grunneigarar.

Radøy Kommune finn at løyvinga er gitt til gjerde på Krossøy og at det difor ikkje skal takast ned. Me viser til vedtaksbrev frå Austrheim kommune med arkivsaksnr 08/273; «*saka gjeld tilskot til oppsetting av gjerde, grindar, klyv mm på gnr 164, bnr 1, 4, 5 og 7*». I vilkår for løyvinga vert det vist til pkt 5 i søknadsskjema der det mellom anna står følgande: «*Søklar er ansvarleg for å... - betale attande tilskotet, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga*».

Landbrukskontoret sendte ut varsel om vedtak 07.11.2014. I svar frå beitelaget datert 12.11.2014 står det «*at om det å ta ned gjerdet er i strid med føresetnadane for løyvinga vil me betale tilbake tilskotet*».

Radøy Kommune sendte 15.12.2014 ut vedtak «*viss gjerdet i si heilheit vert fjerna skal og heile tilskotet betalast tilbake*». Dette vedtaket har de påklaga og med begrunnelse at området har vore nytta som heilårsbeite frå 2008 til 2014.

Etter ny vurdering finn me samt at de har oppfylt noko av føresetnadane for tilskotet ved å ha hatt sau på beite der sidan 2008.

Vedtak:

Radøy Kommune finn Krossøy beitelag har oppfylt deler av føresetnadene for tilskotet til SMIL-midlar ved å ha beita området i perioden 2008-2014.

Radøy Kommune gjer med dette nytt vedtak om tilbakebetaling av tilskot til gjerde. Om gjerdet vert fjerna skal 30 % av løyvinga, som utgjer kr 15.000,- betalast tilbake. Vedtaket har heimel i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §10.

Vedtaket kan påklagast. Ev klage skal stilast Fylkesmannen, men sendast kommunen innan tre veker frå vedtaket vart kjent.

Med helsing

Anja Broch
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kjersti Flatraker